



NVE

Fjellskredovervåkingen
NVE, Seksjon for fjellskred
www.nve.no/fjellskred



regVarsel FJELLSKRED ▲

DAGSRAPPORT GULT FARENIVÅ FOR VESLEMANNEN

Dato: 3. oktober 2018



Veslemannen

GULT FARENIVÅ

NVE overvåker kontinuerlig og i sanntid syv ustabile fjellparti som alle utgjør en høy risiko for fjellskred. Hvert fjellparti har til enhver tid et farenivå etter skala på fire trinn: Lav (grønn), moderat (gul), høy (oransje) og ekstrem (rød) fare.

Det er noko reduserte bevegelsar på Veslemannen.

Onsdag i førre veke var det auka bevegelsar i fjellpartiet som følgje av milde temperaturar og mykje nedbør. Når det blei kaldare, og nedbøren kom som snø, minka hastigheitene noko, og farenivået blei satt ned til gult torsdag 27. september. Sidan då har hastigheitene sakte blitt redusert, men er framleis relativt høge. I øvre del, som beveger seg mest, er hastigheita oppimot 8 cm/døgn, og i nedre del er hastigheita omlag 1 cm/døgn. Det er ikkje registrert steinsprang det siste døgnnet og det er meldt minusgrader resten av veka.


Veslemannen er ein relativt liten, men svært aktivt del av det ustabile fjellpartiet Mannen i Romsdalen. Dei årlege bevegelsane i Mannen (utanfor Veslemannen) er nokre få cm i året, medan den mest aktive delen av Veslemannen har bevegde seg nesten 2 meter den siste månaden. Veslemannen har et volum på 120 000 - 180 000 m³, og det er omlag ein prosent av det totale volumet av Mannen.

Det vil bli publisert rapportar dagleg på www.nve.no

Tabell 1: Måledata den 03. oktober 2018 kl. 09:30

Målinger	Avlesning	Siste døgn	Sist uke	Sist måned
Bevegelser				
Radar pkt 1 (øvre del) (mm)		70	714	1943
Radar pkt 6 (nedre del) (mm)		8	104	247
Meteorologiske data				
Temperatur (°C)	-3			
Nedbør (mm)		13	84	223

Figur 1: Veslemannen: Plassering av radarpunkter



Figur 2: Bevegelse sidan 25. september.

